



Notat

Til: Stig Olav Lødemel

Kopi til:

Vår sakshandsamar: Ann Kristin Langeland	Vår ref: 16/10144-178/ FE-033	Dato: 04.12.2018
--	---	----------------------------

Status samarbeidsavtaler

Som konsekvens av vedtak om samanslåing av Volda og Hornindal kommunar frå 01.01.20, drøfta Fellesnemnda på nyåret retningsval for interkommunale samarbeid. Fellesnemnda vedtok i sak 10/18 den 22. februar i år at (nye) Volda skal orientere seg mot interkommunale samarbeid på Sunnmøre og i Møre og Romsdal.

Som følge av dette har Hornindal kommune starta arbeidet med å seie opp avtaler om interkommunale samarbeid Hornindal kommune er del av i dag. Oppeisingane gjeld frå 01.01.2020.

Følgjande interkommunale samarbeid og samarbeidsavtaler vert fortløpande oppsagde:

Interkommunale samarbeid (IKS, §27):

Nordfjorderrådet

Hornindal melder seg ut av Nordfjorderrådet per 01.01.2020. (nye) Volda held fram som del av Sunnmøre Regionråd og Sjustjerna.

NoMil

Hornindal melder seg ut av NoMil per 01.01.2020, og går inn som del av (nye) Volda i VØR. NoMil og Vør er godt i gang med førebuing av overgangen.

Nordfjord IUA

Hornindal melder seg ut av Nordfjord IUA per 01.01.2020.

Kommunerevisjonen og kontrollutvalssekretariat

Hornindal melder seg ut av Kommunerevisjonen Nordfjord per 01.01.2020.

Fellesnemnda skal gjere vedtak om val av revisor i løpet av 2019 (etter tilråding frå kontrollutvala).

Hornindal melder seg ut av SEKOM per 01.01.2020.

Fellesnemnda skal gjere vedtak om val av sekretariat i løpet av 2019 (etter tilråding frå kontrollutvala).

Nordfjordnett

Hornindal melder seg ut av Nordfjordnett per 01.01.2020, men varslar at (nye) Volda vil overta Hornindal sin del av eigarskapen i Nordfjordfiberen. (nye) Volda vert del av SSIKT

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane

Ein må her gjere nokre fleire avklaringar knytt til tenestene som vert levert av Alarmsentralen. Reknar med å ha dette avklart før jul, slik at avtale kan seiast opp gjeldande frå 01.01.2020.

Krisesenteret i Sogn og Fjordane

Hornindal melder seg ut per 01.01.2020

Overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane

Hornindal melder seg ut per 01.01.2020

SMISO

Hornindal melder seg ut per 01.01.2020

Legevakt/legevaktformidling

Hornindal melder seg ut av Nordfjord legevakt per 01.01.2020. Ny legevakt vert i Volda.

KAD

Dette er i dag i tilknytning til Nordfjord sjukehus. Hornindal kommune seier opp avtalen gjeldande frå 01.01.2020, og KAD tilbod vert etter dette i Volda.

Kreftkoordinator

Hornindal melder seg ut av ordninga per 01.01.2020. Ukjent per i dag kva ordning Helse Møre og Romsdal/event Volda kommune har på dette.

Ambulant team (interkommunalt kjøp).

Tenesta er knytt til Nordfjord Psykiatrisenter, avtalen vert sagt opp per 01.01.2020.

Førebyggjande brannvern

Hornindal kommune har varsla Ålesund kommune om at ein går ut av avtalen frå 01.01.2020

Det vert fram mot nyttår kartlagt om det også kan vere andre avtalar som skal seiast opp.

Andre:

LVK (medlemsskap) Landssamanslutninga av vasskraftkommunar

Ein vil rå til at ein beheld medlemsskapet her, og at det vert overteke av (nye) Volda frå 2020.

Visit Nordfjord (aksjeselskap)

Ein vil rå til at ein beheld medlemsskap og aksjar i selskapet, , og at desse vert overtekne av (nye) Volda frå 2020.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Hornindal kommune er medlem av Stiftinga, og leiger ut Svor Museum til stiftinga. Det er dialog mellom Stiftinga Sogn og Fjordane Museum og Sunnmøre museum om overtaking av drifta av Svor museum. Museet er i kommunal eige. Hornindal kommune seier opp avtalen med Sogn og Fjordane Museum. Dette gjeld også avtale knytt til Nordfjor folkemuseum.

I tillegg kjem alle avtalar kommunen har direkte med Helseforetaket og avtalar der kommunen kjøper enkelt tenester av andre kommunar, og som vert å seie opp som følgje av nye samarbeidskonstellasjonar for nye Volda innanfor fylket Møre og Romsdal og statleg regiontilknytning.

Helsing

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur